

# LOVER

Lovene for Vestland Gymnastikk- og Turnkrets er utarbeidd i samsvar med Norges Idrettsforbund si basislovnorm for særkretsar.

Denne lovnorma tek utgangspunkt i dei nye lovene for Norges Idrettsforbund og underordna ledd, som vart vedtekne på Idrettstinget i 2019.

I lovtæksten vil ein nytte følgjande forkortingar:

Norges Idrettsforbund:	NIF
Norges Gymnastikk- og Turnforbund:	NGTF
Vestland Gymnastikk- og Turnkrets	VGTK
Vestland Idrettskrets	VIK

**Lov for Vestland Gymnastikk- og Turnkrets, stifta 20. mars 1919.**

**(Samanslåing 01.01.2020 av Hordaland Gymnastikk- og Turnkrets stifta 20.03.1919 og Sogn og Fjordane Gymnastikk- og Turnkrets stifta 19.01.1920)**

**Vedteke på konstituerande kretsting den 23. november 2019.**

## § 1 Formål

- (1) VGTK sitt formål er å arbeide for utvikling av gymnastikk og turn innan kretsen, og å fremje samarbeidet med idrettslaga. VGTK skal hjelpe NGTF i alle spørsmål som gjeld gymnastikk og turn i kretsen.
- (2) Arbeidet skal vere prega av frivilligheit, demokrati, lojalitet og likeverd. All idrettsleg aktivitet skal byggje på grunnverdiar som idrettsglede, fellesskap, helse og ærlegdom.

## § 2 Organisasjon

- (1) VGTK er oppretta av NGTF, og består av alle idrettslag innanfor VGTK sine grenser som er medlemar av NGTF. VGTK sine grenser blir fastsett av NGTF.
- (2) Gjennom NGTF er VGTK et organisasjonsledd innan Norges Idrettsforbund og olympiske og paraolympiske komité (NIF).
- (3) VGTK skal følgje NIF og NGTF sine regelverk og vedtak. NIF sitt regelverk gjeld for VGTK uavhengig av kva som måtte stå i VGTK si eiga lov.
- (4) Saker av felles interesse for idretten, bør leggjast fram for Idrettskretsen.

### § 3 Oppgaver

VGTK skal bl.a.:

- a) Representere NGTF og hjelpe dei i saker som er knytt til gymnastikk og turn.
- b) Stimulere til samarbeid mellom dei idrettslag som driv gymnastikk og turn. Hjelpe VIK i spørsmål av felles interesse for fleire idrettar.
- c) Godkjenne stemmer og stemnedatoar, nemne opp nødvendige dommarar, samt utarbeide terminliste.
- d) Stå for utdanning innan gymnastikk og turn i samsvar med NGTF sine planar.
- e) Sørgje for gjennomføring av kretsmeisterskap, samt stimulere til anna idrettsleg verksemd med størst mogeleg variasjon og omfang.
- f) Gje fagleg bistand ved planlegging og bygging av idrettsanlegg.
- g) Levere årbok og rekneskap innan fastsette fristar, og søkje om økonomisk støtte frå NGTF og VIK.

### § 4 Kontingent

- (1) Kontingenten blir fastsett av Kretstinget for VGTK, og skal betalast forskottsvis.
- (2) Skyldig kontingent/avgift medfører tap av røysterett og andre rettar på Kretstinget. Styret kan anbefale overfor NGTF at lag som skyldar kontingent eller avgift for meir enn eitt år, misser sitt medlemskap<sup>1</sup> i særforbundet.

## II. TILLITSVALGTE OG ANSATTE

### § 5 Kjønnfordeling

- (1) Ved val/oppnemning av styre, råd, utval/komité mv. og ved representasjon til årsmøte/ting, skal begge kjønn være representert. Samansetjinga skal vere forholds messig i forhold til kjønnfordelinga i medlemsmassen, men slik at det ved val/oppnemning av meir enn tre personar skal veljast/oppnemnast minst to personar frå kvart kjønn. Dette gjeld også der det blir valt meir enn eitt varamedlem. Representant for dei tilsette tel ikkje med ved berekninga av kjønnfordelinga.
- (2) Dersom val/oppnemning til styre, råd, utval/komité mv. er i strid med denne paragrafen, skal styret innan ein månad etter årsmøtet/tinget sende ut innkalling til ekstraordinært årsmøte/ting der nytt val skal gjerast. Eksisterande medlemmer i det aktuelle styret, komiteen mv. blir sitjande til nytt styre, komité mv. er valt/oppnemnd.
- (3) Ved representasjon må den delegasjon som faktisk møter tilfredsstillte denne paragrafen. Dersom ikkje, misser organisasjonsleddet det tal representantar som manglar for å oppfylle paragrafen.
- (4) Idrettsstyret kan påleggje organisasjonsledd å oppfylle paragrafen, her under å innkalle til nytt årsmøte/ting eller gjere ny oppnemning.
- (5) Idrettsstyret<sup>2</sup> kan, når det føreligg særlege tilhøve, gje dispensasjon frå denne paragrafen. Det skal så langt mogleg søkjast om dispensasjon i forkant. Søknad om

---

<sup>1</sup> Med skyldig kontingent for meir enn eit år meiner ein kontingent som er forfalt til betaling i tingperioden.

<sup>2</sup> Myndigheit er delegert iht. NIFs delegasjonsreglement.

dispensasjon må vere sendt til det organ som avgjer dispensasjonssøknaden innan 14 dagar etter Kretstinget. Dispensasjon kan berre bli gitt for ein valperiode / ei oppnemning av gongen.

## **§ 6 Generelle reglar om stemmerett, valbarheit, forslagsrett mv.**

- (1) For å ha stemmerett og være valbar må man ha fylt 15 år, vert medlem av eit idrettslag tilslutta VGTK i minst ein månad og ha oppfylt medlemsforpliktelsene, jf. NIFs lov § 10-4. Det same gjeld der ein person skal oppnemnast som representant til årsmøte/ting i overordna organisasjonsledd. Ingen kan møte eller gje stemme ved fullmakt.
- (2) Ein person kan ikkje samstundes inneha meir enn eit av følgande verv i VGTK: medlem av styret, valkomité, kontrollkomité, lovutval, revisor.
- (3) Forslagsrett:
  - a) Styret i særkretsen har forslagsrett til og på Kretstinget.
  - b) Eit organisasjonsledd med representasjonsrett har forslagsrett til særkretstinget, og representanten(ane) til organisasjonleddet har forslagsrett på Kretstinget.
  - c) Ein komité / eit utval med møterett, jf. § 14(3), har forslagsrett til Kretstinget i saker som ligg innanfor komiteen / utvalet sitt arbeidsområde, og representanten(ane) frå vedkomande komité / utval har forslagsrett på Kretstinget innanfor komiteen / utvalet sitt arbeidsområde.
- (4) Talerett:<sup>3</sup>
  - a) Revisor har talerett på Kretsstinget i saker som ligg innanfor sitt arbeidsområde.
  - b) Representant frå overordna organisasjonsledd har talerett på særkretstinget.

## **§7 Valbarheit og representasjonsrett for arbeidstakar og oppdragstakar**

- (1) Ein arbeidstakar i et organisasjonsledd er ikkje valbar til styre, råd, utval/komité mv. i organisasjonsleddet eller overordna organisasjonsledd. Tillitsvalt som får relevant tilsetjing i organisasjonsleddet, pliktar å fråtre tillitsvervet ved tilsetjing i stillinga, og kan ikkje gjeninntre før tilsetjingsforholdet er avslutta.
- (2) Ein arbeidstakar i eit organisasjonsledd kan ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant som er arbeidstakar i det organisasjonsledd der representasjonen skjer.
- (3) Dette får tilsvarande verknad for person som har oppdragsavtale som kan samanliknast med eit tilsetjingsforhold.
- (4) Ovannemnte er ikkje til hinder for at organisasjonsleddet gir dei tilsette rett til å utpeike tilsettere representant(ar) til organisasjonsleddet sitt styre.
- (5) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med ovannemnte, vert sett på som ikkje valt eller oppnemnt.

---

<sup>3</sup> Særkretstinget kan også bestemme å gi talerett til andre personar.

- (6) Idrettsstyret<sup>4</sup> kan, når det føreligg særlege forhold, gi dispensasjon frå ovannemnde. Det skal så langt det er mogleg søkjast om dispensasjon i forkant. Det kan berre gjevast dispensasjon for ein valperiode / ei oppnemning i gongen.

## **§ 8 Valbarheit og representasjonsrett for andre personar med tilknytning til VGTK.**

- (1) Ein person som har ein avtale med et organisasjonsledd som gir vedkommande ein økonomisk interesse i drifta av organisasjonsleddet, er ikkje valbar til styre, råd, utval/komité innan organisasjonsleddet eller overordna ledd. Det same gjeld styremedlem, tilsett eller aksjonær med vesentleg påverknad, i ein juridisk person som har slik avtale som nemnt i første setning. Avgrensinga gjeld ikkje for styremedlem oppnemnt av organisasjonsleddet. Tillitsvalt som får ein slik avtale, styreverv, tilsetjing eller eigardel, pliktar å fråtre tillitsvervet, og kan ikkje gjeninntre før tilsetjingsforholdet mv. er avslutta.
- (2) Person som i høve første ledd ikkje er valbar, kan heller ikkje veljast eller oppnemnast som representant til årsmøte/ting eller leiarmøte i overordna organisasjonsledd. Det kan heller ikkje veljast eller oppnemnast representant som har ei tilsvarande tilknytning til det organisasjonsledd der representasjonen skjer.
- (3) Ein person som er valt eller oppnemnt i strid med punkt 1 og 2, vert sett på som ikkje valt eller oppnemnt.
- (4) Idrettsstyret<sup>5</sup> kan, når det føreligg særlege forhold, gje dispensasjon frå punkt 1 og 2. Det skal så langt det er mogleg søkjast om dispensasjon i forkant. Det kan berre gjevast dispensasjon for ein valperiode / ei oppnemning i gongen.

## **§ 9 Inhabilitet**

- (1) Ein tillitsvalt, oppnemnt representant eller tilsett i særkretsen er inhabil til å leggje grunnlaget for ei avgjerd eller til å treffe avgjersle:
- når vedkommande sjølv er part i saka,
  - når vedkommande er i slekt eller svogerskap med ein part i opp- eller nedstigande linje eller i sidelinje så nær som sysken,
  - når vedkommande er eller har vore gift med eller er forlova eller sambuar med ein part,
  - når vedkommande er leiar for, har leiande stilling i, eller er medlem av styret i eit organisasjonsledd eller anna juridisk person som er part i saka.
- (2) Likeså er vedkommande inhabil når andre særeigne forhold føreligg som er eigna til å svekkje tilliten til vedkommande si upartiskheit; blant anna skal det leggjast vekt på om avgjerda i saka kan innebere særleg fordel, tap eller ulempe for vedkommande sjølv eller nokon som vedkommande har nær personleg tilknytning til. Det skal også leggjast vekt på om klage på inhabilitet er reist av ein part.
- (3) Er ein overordna inhabil, kan avgjerd i saka heller ikkje treffast av direkte underordna i særkretsen.

---

<sup>4</sup> Myndighet er delegert iht. NIFs delegasjonsreglement.

<sup>5</sup> Myndighet er delegert iht. NIFs delegasjonsreglement.

- (4) Inhabilitetsreglane gjeld ikkje dersom det er openbart at den tillitsvalte, oppnemnte representanten eller tilsette si tilknytning til saka eller partane ikkje vil kunne påverke vedkomande sitt standpunkt og idrettslege interesser ikkje tilseier at vedkomande viker sete.
- (5) Med part meiner ein i denne paragrafen person, herunder juridisk person, som ei avgjerd rettar seg mot eller som saka elles direkte gjeld.
- (6) I styre, komitear og utval vert avgjerda gjort av organet sjølv, utan at vedkomande medlem deltar. Dersom det i ei og same sak oppstår spørsmål om inhabilitet for fleire medlemmar, kan ingen av dei delta ved avgjerda om sin eigen eller eit anna medlem sin habilitet, med mindre organet elles ikkje ville vere vedtaksført i spørsmålet. I sistnemnde tilfelle skal alle møtande medlemmer delta. Medleimen skal i god tid seie frå om forhold som gjer eller kan gjere vedkomande inhabil. Før spørsmålet vert avgjort, bør varamedlem eller annan vikar innkallast til å møte og delta ved avgjerda dersom det kan gjerast utan vesentleg tidsspille eller kostnad.
- (7) I andre tilfelle avgjer vedkomande sjølv om vedkomande er inhabil. Dersom ein part krev det, og det kan gjerast utan vesentleg tidsspille, eller vedkomande elles finn grunn til det, skal vedkomande sjølv legge spørsmålet fram for sin næraste overordna for avgjerd.

## **§ 10 Vedtaksførheit, fleirtalskrav og protokoll**

- (1) Når ikkje anna er bestemt, er styrer, komitear og utval i VGTK vedtaksføre når eit fleirtal av medlemmane er til stades. Vedtak vert fatta med fleirtal av dei gjevne stemmene. Ved stemmelikskap er møteleiar si stemme avgjerande.
- (2) Vedtak kan fattast ved skriftleg behandling<sup>6</sup> eller ved fjernmøte<sup>7</sup>. Ved skriftleg saksbehandling vert kopiar av dokumenta i saka sendt samtidig til alle medlemmar med forslag til vedtak. For gyldig vedtak er det eit krav at fleirtalet av medlemmane gir si tilslutning til det framlagde forslaget, og til at dette vert avgjort etter skriftleg sakshandsaming. Ved fjernmøte skal alle møtedeltakarane kunne høyre og kommunisere med kvarandre.
- (3) Det skal førast protokoll frå styremøte.

## **§ 11 Refusjon av utgifter. Godtgjersle**

- (1) Tillitsvalt kan ta imot refusjon for nødvendige, faktiske utgifter som vert påført vedkommande i forbindelse med utføringa av vervet.
- (2) Tillitsvalt kan ta imot ei rimeleg godtgjersle for sitt arbeid.
- (3) Godtgjersle til styret og dagleg leiar skal klart gå fram av vedtekne budsjett og rekneskap.

---

<sup>6</sup> For eksempel per e-post.

<sup>7</sup> For eksempel møte per telefon/videokonferanse.

### III. ØKONOMI

#### § 12 Rekneskap, revisjon, budsjett mv.

- (1) Kretsen er rekneskaps- og revisjonspliktig. Rekneskapsåret skal følgje kalenderåret.<sup>8</sup>
- (2) Dersom kretsen har ein årleg omsetning på mindre enn kr 5 millionar, skal kretsen følgje NIF sine rekneskaps- og revisjons reglar, men kan, etter avgjerd av styret, velje å følgje rekneskapslova. Dersom kretsen har ein årleg omsetjing på kr 5 millionar eller meir, skal kretsen følgje rekneskapslova og revisorlova, og skal alltid engasjere statsautorisert/registrert revisor uavhengig av kva som følgjer av desse lovene. Alle organisasjonsledd som har engasjert revisor skal velje ein kontrollkomité med minst to medlemmer. Kontrollkomiteens oppgåver følger av NIFs lov § 2-12.
- (3) Bankkonti skal være knytt til kretsen og skal disponerast av to personar i fellesskap. Underslagforsikring skal være teikna for dei som disponerer.
- (4) På Kretstinget skal det fastsetjast eit budsjett som inneheld alle hovudpostar i resultatrekneskapet. Budsjettet skal vere realistisk, og resultatet skal ikkje vise underskot med mindre det blir dekt av positiv eigenkapital. Det vedtekne budsjettet bør framkome i ein eigen kolonne når årsrekneskapet blir framlagt.
- (5) Årsrekneskap og årsmelding skal underskrivast av alle styremedlemmer. Dersom kretsen har dagleg leiar skal også vedkommande signere.
- (6) Kretsen kan ikkje gje lån eller stille garantiar for lån viss ikkje lånet eller garantien er sikra med sikker pant eller anna sikkerheit. Sikkerheita for lån og garantiar skal opplysast i note til årsoppgjeret. Kretsen kan delta i NIF si konsernkontoordning etter søknad frå kretsen og avgjerd frå Idrettsstyret.
- (7) Disposisjonar, herunder låneopptak, av ekstraordinær karakter eller omfattande omfang i forhold til kretsen sin størrelse eller verksemd, kan berre bli vedtekne av Kretstinget.

### IV. TING, STYRE, UTVAL MV.

#### § 13 Kretstinget

- (1) VGTK si høgste myndigheit er Kretstinget som blir halde innan utgangen av mars månad kvart andre år.
- (2) Kretstinget vert innkalla av styret med minst ein månads varsel direkte til dei organisasjonsledd som har representasjonsrett. Innkallinga kan vise til at

---

<sup>8</sup> Idrettsstyret kan, når det føreligg særlige forhold, gi dispensasjon til å nytte avvikande rekneskapsår.

saksdokumenter blir gjort tilgjengelege på kretsen si internettside eller på annan forsvarleg måte. I så fall skal det gå fram at dokumenta vil bli gjort tilgjengelege seinast ei veke før Kretstinget. Framlegg som skal handsamast på kretstinget, må vere sendt til styret seinast to veker før Kretstinget. Fullstendig sakliste og andre nødvendige saksdokument med framlegg til Kretstinget må vere gjort tilgjengelege seinast ei veke før tinget.

- (3) Ved innkalling i strid med punkt 2, avgjer tinget høvesvis under godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om tinget er lovleg innkalla, og om det er saker som ikkje kan handsamast.
- (4) Kretstinget er vedtaksført med det talet av godkjende representantar som møter.
- (5) På Kretstinget kan ikkje handsamast framlegg om endring i lover og reglar som ikkje er oppført på den saklista som er gjort tilgjengeleg eller sendt ut. Andre saker kan behandlast når 2/3 av dei frammøtte med stemmerett vedtar det, ved godkjenning av saklista.

#### **§ 14 Representasjon på Kretstinget**

- (1) På Kretstinget møter med stemmerett:
  - a) Kretsen sitt styre.
  - b) Representantar frå laga etter følgjande skala:

For medlemstal til og med 50:	1 representant
For medlemstal frå 51 til og med 100:	2 representantar
For medlemstal over 100:	3 representantar, som er det høgste tal av representantar eit lag kan ha.
- (2) Representantane må vere valde på årsmøte i idrettslaget, eller oppnemnde av styret etter fullmakt.
- (3) Vidare møter utan stemmerett, men med tale- og forslagsrett i dei saker som ligg innanfor utvalet/komiteen sitt arbeidsområde:
  - a) Leiarane i dei faglege utval/komitear, eventuelt nestleiar eller medlem dersom leiar er forhindra frå å møte.
  - b) Kontrollkomiteen sine medlemmer.
  - c) Valkomiteen sine medlemmer.
  - d) Revisor.
- (4) Reiseutgiftsfordeling kan nyttast.

#### **§ 15 Leiing av Kretstinget**

Kretstinget vert leia av valt dirigent. Verken dirigent eller valt referent treng vere valt/oppnemnd representant. Det kan veljast fleire dirigentar og referentar.

#### **§ 16 Kretstinget sine oppgåver**

Kretstinget skal:

1. Godkjenne dei frammøtte representantane.
2. Godkjenne innkalling, sakliste og forretningsorden.

3. Velje dirigent, referent, samt to representantar til å underskrive protokollen.
4. Handsame årsmeldingar.
5. Handsame rekneskap for VGTK i revidert stand.
6. Handsame framlegg og saker.<sup>9</sup>
7. Fastsetje kontingent.
8. Handsame budsjett for VGTK.
9. Gjere følgjande val<sup>10</sup>:
  - a) Leiar og nestleiar.
  - b) 6 styremedlemmer<sup>11</sup> og 2 varamedlemmer.
  - c) Faglege utval: Leder  
I tillegg: I bredde 3 ansvarlige (barn, ungdom, voksne)  
I utdanning velges 3 medlemmer
  - d) To revisorar.<sup>12</sup>
  - e) Representantar til ting i overordna organisasjonsledd eller gje styret fullmakt til å oppnemne representantane.
  - f) Valnemnd med leiar, to medlemmer og eit varamedlem for neste Kretsting.

Leiar og nestleiar skal veljast enkeltvis. Dei øvrige medlemmer til styret bør veljast samla. Deretter blir varamedlemmene velt samla, og ved skriftleg val blir rekkjefølga avgjort i forhold til stemmetal.

## § 17 Avrøysting på Kretstinget

- (1) Med mindre anna er bestemt i denne lova, skal eit vedtak, for å vere gyldig, vere gjort med alminneleg fleirtal av dei gjevne røystene. Ingen representant har meir enn ei stemme. Ingen kan møte eller gje si røyst ved fullmakt. Blanke stemmer skal sjåast på som ikkje gjevne.
- (2) Val blir gjort skriftleg viss det føreligg meir enn eit framlegg, eller det blir fremja krav om det. Viss det skal vere skriftlege val, kan berre føreslegne kandidatar førast opp på røystesetelen. Røystesetlar som er blanke, eller som inneheld ikkje føreslegne kandidatar, eller ikkje inneheld det tal det skal røystast over, tel ikkje, og røystene vert sett på som ikkje gjevne.
- (3) Når et val skjer enkeltvis og ein kandidat ikkje oppnår meir enn halvparten av dei gjevne røystene, skal det gjerast omval mellom dei to kandidatane som har fått flest røyster. Er det røystelikkap ved omval, skal ein avgjere valet ved loddtrekning.
- (4) Når det ved val skal veljast fleire ved ei røysting, må alle, for å vere valde, ha meir enn halvparten av dei gjevne røystene. Dette gjeld ikkje ved val av vararepresentant. Viss ikkje tilstrekkeleg mange kandidatar har oppnådd dette i fyrste omgang, blir dei som har fått meir enn halvparten av røystene sett på som valt. Det blir så omval mellom dei

<sup>9</sup> Tinget bør gi styret fullmakt til å oppdatere lova i samsvar med framtidige endringar i NIF si lovnorm for særkretsar / regionar.

<sup>10</sup> Dette er minimum av dei tillitsvald som skal veljast på særkretstinget. Særkretstinget kan i tillegg velje andre tillitsvalde det er behov for. Dette skal i tilfelle framgå av den enkelte særkrets si eiga lov.

<sup>11</sup> Antall styremedlemmar blir fastsett ved vedtak av lova. Styremedlemmane kan veljast til spesifikke oppgaver.

<sup>12</sup> Særkretsar med årleg omsetjing på kr 5 millionar eller meir pliktar å ha engasjert revisor, jf. NIFs lov § 2-11, og må innta følgjande som nytt pkt. 9: "Engasjere statsautorisert/ registrert revisor til å revidere idrettsrådet sitt regnskap." Pkt. 9 forskyves til nytt pkt. 10 og bokstav c) endres til "Kontrollkomité med minst to medlemmer."



øvrige kandidatar, og etter denne røystinga blir dei som har fått flest røyster valt. Er det ved omval røystelikkap, vert valet avgjort ved loddtrekning.

## § 18 Ekstraordinært Kretsting

- (1) Ekstraordinært Kretsting blir kalla inn av kretsstyret med minst 14 dagar varsel etter:
  - a) Vedtak av kretsstyret.
  - b) Vedtak av Kretstinget.
  - c) Vedtak av styre eller ting i overordna organisasjonsledd.
  - d) Skriftleg krav frå  $\frac{1}{4}$  av idrettslaga i VGTK.
- (2) Ekstraordinært Kretsting blir kalla inn direkte til dei som har representasjonsrett.
- (3) Saklista og andre nødvendige dokument skal enten følgje innkallinga, eller vere gjort tilgjengeleg på kretsen si internettside eller på anna forsvarleg måte. I sistnemte tilfelle skal det gå fram av innkallinga at saksdokumenta er gjort tilgjengeleg på anna måte, og dokumenta skal vere gjort tilgjengelege på innkallingstidspunktet.
- (4) Eit ekstraordinært Kretsting er vedtaksført med det tal godkjende representantar som møter.
- (5) Ekstraordinært Kretsting skal berre handsame dei saker som er angitt i vedtaket eller i kravet om innkalling av tinget.
- (6) Ved innkalling i strid med bestemmelsen, bestemmer det ekstraordinære tinget hhv. under godkjenning av innkalling og godkjenning av saklista, om det ekstraordinære tinget er lovleg kalla inn, og om det er saker som ikkje kan handsamast.

## § 19 Kretsen sitt styre

- (1) Kretsen blir leia og forplikta av styret, som er særkretsen si høgste myndigheit mellom tinga.<sup>13</sup>
- (2) Styret skal bl.a.:
  - a) Setje i verk kretstinget og overordna organisasjonsledd sine vedtak og avgjerder.
  - b) Utføre kretsen sin daglege administrasjon, representere kretsen utover, og utøve fagleg myndigheit innanfor kretsen sine grenser.
  - c) Passe på at kretsen sine midlar blir brukt og forvalta på ein forsiktig måte i samsvar med dei vedtak som er fatta på tinget eller av overordna organisasjonsledd, og syte for at kretsen har ei tilfredsstillande organisering av rekneskaps- og budsjettfunksjonen, og har ein forsvarleg økonomistyring.
  - d) Arrangere eller la arrangere kretsmeisterskap og andre konkurransar i kretsen og utarbeide terminlister for dette.
  - e) Utvikle VGTK sin organisasjon og sine aktivitetstilbod.
  - f) Oppnemne utval, råd og komitear etter behov, samt utarbeide mandat/instruks for desse.
  - g) Sende føreskrivne rapportar til overordna organisasjonsledd til fastsette fristar.

---

<sup>13</sup> Denne høgste myndighet kan ikkje, verken heilt eller delvis, delegerast til andre organ/personar innan særkretsen, for eksempel trenings-/konkurransegrupper på tvers av særkretsgrensane.

- (3) Styret skal avhalde møter når leiaren bestemmer det, eller minst to av styremedlemmene forlangar det.

## **§ 20 Valkomit **

Valkomiteen blir valt p  Kretstinget p  fritt grunnlag, etter innstilling fr  styret, og skal legge fram innstilling p  kandidatar til alle  vrige tillitsverv som skal veljast p  kretstinget. Medlem av valkomit  som sj lv blir kandidat til verv, pliktar   tre ut av valkomiteen.

## **§ 21 Alminnelige disiplin rforf yinger, sanksjonar etter kamp- og konkurransereglar, straffesaker og dopingsaker**

For alminnelige disiplin rforf yinger, sanksjoner etter kamp- og konkurransereglar, straffesaker og dopingsaker gjelder NIF si lov, kapittel 11 og 12.

## **§ 22 Avtaler og samarbeid mellom kretsen og n ringslivet**

Avtaler og samarbeid mellom kretsen og n ringslivet blir regulert i NIFs lov, kapittel 13

## **§ 23 Idretten sine marknads-, medie- og arrangementsrettar**

Marknads-, medie- og arrangementsrettar blir regulert i NIF si lov, kapittel 14.

## **§ 24 Reglar om konkurranseforbod**

Idrettsstyret og NGTF kan nekte organisasjonsledd og medlem av organisasjonsledd tilslutta NIF rett til   ut ve eller til   medverke i konkurrerande verksemd gjennom deltaking, medlemskap, eller samarbeid med andre rettssubjekt. Nekting krev sakleg grunn.

## **§ 25 Lovendring**

- (1) Lovendring kan berre bli gjort p  ordin rt eller ekstrasordin rt kretsting etter   ha vore oppf rt p  saklista, og krev 2/3 fleirtal av dei gitte stemmene.
- (2) Lovendringar som f lgje av endringar i NIF si lov, trer i kraft straks. Lovendringar vedtekne av kretsen sj lv trer ikkje i kraft f r dei er godkjende av NGTF. Godkjenninga er begrensa til dei reglar som NIF si lov omfattar.
- (3) I forbindelse med godkjenninga kan NGTF p legge n dvendig endring for   unng  motstrid med NIF sitt regelverk.
- (4) Endringar i § 25 og 26 kan ikkje bli vedtekne av kretsen sj lv, med mindre endringane f lgjer av NIF sitt regelverk eller lovnorm.

## **§ 26 Nedlegging – Samanslutning**

- (1) Kretsen kan berre nedleggjast av NGTF.
- (2) NGTF har myndigheit til   gjere samanslutning av s rkretsar. Samanslutning blir ikkje rekna som nedlegging.
- (3) Ved nedlegging eller anna opph yr av VGTK blir kretsen sine  verskytande midlar etter avvikling overf rt til eit f rem l som er godkjent av NGTF.